



EIDFJORD KOMMUNE

Høring av forslag til ny lokal forskrift om godtgjersle til
folkevalde

KAPITTEL 1. FØREMÅL OG LOV GRUNNLAG

§ 1. Føremål og verkeområde

§ 2. Lovgrunnlag

KAPITTEL 2. GODTGJERSLE (KOMMUNELOVA § 8-4)

§ 3. Arbeidsgodtgjersle til ordfører

§ 4. Arbeidsgodtgjersle til varaordfører

§ 5. Arbeidsgodtgjersle til medlemmer i formannskapet

§ 6. Arbeidsgodtgjersle til 1. varamedlemmer i formannskapet

§ 7. Møtegodtgjersle til formannskap og kommunestyre

§ 8. Godtgjersle til medlemmer i kontrollutvalet

§ 9. Godtgjersle til medlemmer i andre kommunale organ

KAPITTEL 3. DEKNING AV UTGIFTER OG ØKONOMISK TAP (KOMMUNELOVA § 8-3)

§ 10. Tapt arbeidsforteneste

§ 10-1. Grunnlag for tapt arbeidsforteneste

§ 10-2. Dokumentert tap av arbeidsforteneste

§ 10-3. Udokumentert tap av arbeidsforteneste

§ 10-4. Handsaming av tapt arbeidsforteneste

§ 11. Telefongodtgjersle

§ 12. Reisegodtgjersle

KAPITTEL 4. ETTERGODTGJERSLE (KOMMUNELOVA § 8-6)

§ 13. Ettergodtgjersle

§ 14. Feriepengar

KAPITTEL 5. PERMISJONAR OG SJUKEPENGAR (KOMMUNELOVA § 8-10 OG § 8-8)

§ 15. Permisjonar

§ 16. Sjukepengar

KAPITTEL 6. REGULERING, TOLKING OG IVERKSETJING

§ 17. Årleg regulering

§ 18. Utbetaling

§ 19. Tolkning av reglane

KAPITTEL 1: FØREMÅL OG LOVGRUNNLAG

§ 1. Føremål og verkeområde

Føremålet med forskrifta er å sikra folkevalde godtgjering og utgiftsdekning i samband med deira kommunale verv som folkevalde. Forskrifta skal visa kva Eidfjord kommune legg til grunn for slik godtgjering og utgiftsdekning, og kven som blir omfatta av ordninga.

Forskrifta omfattar medlemmer i folkevalde organ og andre politisk valde representantar i styre, råd og utval jf. kommunelova § 5-1 og § 5-2, og som er fastsett i den til ei kvar tid gjeldande politiske organiseringa i Eidfjord kommune.

§ 2. Lovgrunnlag

Lov om kommuner og fylkeskommuner av LOV-2018-06-22-83 (kommunelova) *kapittel 8. Rettigheter og plikter for folkevalgte.*

I følgje kommunelova kap. 8 skal kommunestyret sjølv fatte vedtak om forskrift som omfattar:

- kommunelova § 8-3 Dekning av utgifter og økonomisk tap
- kommunelova § 8-4 Arbeidsgodtgjersle
- kommunelova § 8-6 Ettergodtgjersle
- kommunelova § 8-8 Rett til Sjukepengar
- kommunelova § 8-10 Permisjonar

KAPITTEL 2. GODGJERSLE

(KOMMUNELOVEN § 8-4)

§ 3. Arbeidsgodtgjersle til ordførar

Ordførar får fast årleg arbeidsgodtgjersle. Godtgjersla vert fastsett til 90% av stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Ordførar som ikkje fortset i vervet etter valet, har rett på utbetaling av feriepengar i januar påfølgjande år. Feriepengegrunnlaget vert berekna på grunnlag av godtgjersle utbetalt siste kalenderår, inkludert eventuelt tillegg av etterløn. (jf. regelverket for godtgjersle til stortingsrepresentantar §14.)

§ 4. Arbeidsgodtgjersle til varaordførar

Varaordførar får fast årleg arbeidsgodtgjersle. Godtgjersla skal utgjera 30% av ordførar si godtgjersle.

Varaordførar skal dermed gjevast anledning til frikjøp tilsvarande 20% stilling, for å auka det politiske arbeidet for å fremja Eidfjord sine interesser. I tillegg skal varaordførar fungera som avløyssar i ordførar sin ferie.

§ 5. Arbeidsgodtgjersle til medlemmer i formannskapet

Formannskapsmedlemer (ikkje ordførar og varaordførar) får fast årleg arbeidsgodtgjersle. Godtgjersla skal utgjera 4% av ordførar si godtgjersle.

§ 6. Arbeidsgodtgjersle til 1. varamedlemer i formannskapet

Dei første varamedlemene til formannskapet får fast årleg arbeidsgodtgjersle. Godtgjersla skal utgjera 1% av ordførar si godtgjersle. I tillegg får dei møtegodtgjersle tilsvarande 0,1% av ordførar si godtgjersle.

§ 7. Møtegodtgjersle til formannskap og kommunestyre

a. Ordførar:

Ordførar har fast årleg arbeidsgodtgjersle, og skal ikkje ha ytterlegare møtegodtgjersle.

b. Varaordførar:

Varaordførar har fast årleg arbeidsgodtgjersle, og skal ikkje ha ytterlegare møtegodtgjersle.

c. Medlemer:

Medlemer av formannskapet har fast årleg arbeidsgodtgjersle, og skal ikkje ha ytterlegare møtegodtgjersle.

Medlemer i kommunestyret får møtegodtgjersle tilsvarande 0,1% av ordførar si godtgjersle.

d. Varamedlem:

Dei første varamedlemene til formannskapet har fast årleg arbeidsgodtgjersle, pluss møtegodtgjersle.

Dei andre varamedlemene til formannskapet har ikkje fast årleg arbeidsgodtgjersle, men får møtegodtgjersle.

Varamedlemer i kommunestyret har ikkje fast årleg arbeidsgodtgjersle, men får møtegodtgjersle.

§ 8. Godtgjersle til medlemmer i kontrollutvalet (Kommunelova § 5-1 d.)

a. Leiar av kontrollutvalet har 1,25% av ordførar si arbeidsgodtgjersle, pluss møtegodtgjersle.

b. Nestleiar i kontrollutvalet har møtegodtgjersle som vanleg medlem. Dersom ordførar/varaordførar er nestleiar skal hen ikkje ha ytterlegare møtegodtgjersle.

c. Medlemer i kontrollutvalet har 0,1 % av ordførar si godtgjersle i møtegodtgjersle.

§ 9. Godtgjersle til medlemer i andre kommunale organ (Kommunelova §§ 5-1 og 5-2)

a. Leiar i kommunalt organ har 0,5% av ordførar si godtgjersle, pluss møtegodtgjersle.

b. Nestleiar, og dei øvrige medlemene i kommunalt organ har 0,1% av ordførar si godtgjersle i møtegodtgjersle.

c. Leiar av politisk oppnemnde komitear/prosjektgrupper får dobbel møtegodtgjersle av 0,1% av ordførar si godtgjersle. Medlemer får møtegodtgjersle jf. punkt b.

Generelt vert det ikkje utbetalt meir enn ei møtegodtgjersle pr. dag.

For at årleg godtgjersle skal verte utbetalt, må det ha vore minst eit møte i gjeldande år.

KAPITTEL 3. DEKNING AV UTGIFTER OG ØKONOMISK TAP

(KOMMUNELOVEN § 8-3)

§ 10. Tapt arbeidsforteneste

Folkevalde som på grunn av kommunale verv får tap i ordinær arbeidsforteneste, (løn el. næringsinntekt) har rett til å få tapet dekket.

§ 10-1. Grunnlag for tapt arbeidsforteneste

a. Generelt

Folkevalde får vederlag for tapt arbeidsforteneste som fylgje av vervet. Til vanleg gjeld dette berre for tap i samband med ordinære møte. Tapt arbeidsforteneste i samband med andre aktivitetar enn ordinære møte, skal godkjennast på førehand, av ordførar.

b. Vederlag for utgifter til omsorgsarbeid

Folkevalde som har omsorgsarbeid for born, sjuke, eldre og funksjonshemma, får dekket dokumenterte utgifter til tilsyn og pleie i den tida dei er fråverande i samband med møte.

Godtgjersle vert ikkje gjeve dersom tilsyn eller barnepass vert utført av ektefelle, eller sambuar av den folkevalde.

c. Kurs, konferansar, synfaringar mv.

Dersom medlemer deltek på kurs, konferansar og synfaringar mv., har dei krav på vederlag for tapt arbeidsforteneste i samsvar med reglane ovanfor. Slik deltaking skal vera avtalt med ordførar på førehand.

d. Reisetid

Reisetid til og frå møte vert rekna som møtetid.

§ 10-2. Dokumentert tap av arbeidsforteneste

For lønsmottakarar vert dokumentert tap av arbeidsforteneste dekkja etter trekkoppgåve frå arbeidsgjevar, eller ved refusjonskrav frå arbeidsgjevar. Som grunnlag for refusjon inngår løn, feriepengar, pensjon og andre tillegg som den einskilde taper.

For sjølvstendig næringsdrivande vert dokumentert tap av inntekt synleggjort ved likningsattest/utskrift av næringsoppgåve. Dag satsen vert netto ferdig likna næringsinntekt siste år, eller gjennomsnittleg ferdig likna inntekt 3 siste år, dividert på 235 yrkesdagar.

Dokumenterte krav pr. dag: Inntil 0,5% av ordførargodtgjersla.

1 møtedag = 7,5 timar

§ 10-3. Udokumentert tap av arbeidsforteneste

Folkevalde som får tap i ordinær arbeidsforteneste grunna kommunale verv, men som ikkje kan dokumentere tapet, har rett på erstatning. Påbegynt time vert rekna som ny time.

Udokumenterte krav pr. dag: Inntil 0,2% av ordførargodtgjersla.

1 møtedag = 7,5 timar

§ 10-4 Handsaming av tapt arbeidsforteneste

a. Krav om dekking av tapt arbeidsforteneste skal sendast inn via skjema på heimesida med trekkoppgåve frå arbeidsgjevar som vedlegg, eller som faktura frå arbeidsgjevar.

b. Krav bør sendast månadleg eller halvårleg. Krav må sendast minimum ein gong pr. år, seinast innan 30. november.

c. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til krav om tapt arbeidsforteneste innanfor dei fastsette maksimumssatsane.

d. Ved klager avgjer formannskapet saka med endeleg verknad.

§ 11. Telefongodtgjersle

Ordførar får fri telefon.

§ 12. Reisegodtgjersle

Medlemer har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle etter staten sine satsar på reiser. Utbetaling skjer berre etter framlagt rekning. Minste avstanden tur/retur er 10 km.

KAPITTEL 4. ETTERGODTGJERSLE (KOMMUNELOVEN § 8-6)

§ 13. Ettergodtgjersle

Folkevald som har vervet som sitt hovudarbeid (ordfører), kan ved grunngjeve søknad få ettergodtgjersle på inntil same storleik som ordinær arbeidsgodtgjersle i inntil 3 månader etter utløp av valperioden. Til vanleg vil dette vera same dato som konstituerande møte i nytt kommunestyre.

Ettergodtgjersla vert avkorta krone for krone mot anna inntekt, jf. kl. § 8-6.

Søknad vert behandla av rådmann, eller den rådmannen delegerer dette til.

§ 14. Feriepengar

Ordfører som ikkje fortset i vervet etter valet, har rett på utbetaling av feriepengar i januar påfølgjande år. Feriepengegrunnlaget vert berekna på grunnlag av arbeidsgodtgjersle utbetalt siste kalenderår, inkludert eventuelt tillegg av etterløn. (jf. regelverket for godtgjersle til stortingsrepresentantar § 14.)

KAPITTEL 5. PERMISJONAR OG SJUKEPENGAR (KOMMUNELOVEN § 8-10 OG § 8-8)

§ 15. Permisjonar

Folkevald som har vervet som sitt hovudarbeid (ordfører), kan ved grunngjeve søknad få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova § 12-1 til § 12-10 , § 12-12 og § 12-15.

Søknad blir behandla av formannskapet.

§ 16. Sjukepengar

Folkevald som har vervet som sitt hovudarbeid (ordfører) har same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen eller fylkeskommunen.

KAPITTEL 6. REGULERING, TOLKING OG IVERKSETJING

§ 17. Årleg regulering

Den faste arbeidsgodtgjersla til ordførar, varaordførar, formannskapsmedlem og varamedlem i formannskapet skal justerast årleg 01.05.

Satsane for møtegodtgjersle, leiargodtgjersle og tapt arbeidsforteneste skal justerast årleg 01.07.

§ 18. Utbetaling

Møtegodtgjersle vert utbetalt 2 gonger pr. år (juli og desember månad).

Reiserekningar og krav om tapt arbeidsforteneste vert utbetalt ein gong per månad.

Medlemer som vert omfatta av denne forskrifta har sjølv ansvar for å sende inn krav om vederlag for tapt arbeidsinntekt og reiserekningar mv. i tråd med dei system kommunen legg opp til.

Krav om tapt arbeidsforteneste og reiserekningar eldre enn 12 månader kan avvisast.

§ 19. Tolking av reglane

Tolking av reglane om arbeidsvilkår for medlemer vert gjort av ordførar/rådmann.

§ 20. Iverksetjing

Forskrifta vert gjort gjeldande frå og med vedtaksdato i Eidfjord kommunestyre